

*Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid;  
den har oss givet lyset og livet, lyset og livet i dagning blid (NS nr. 184)*

Nr. 1

66. årgang

Påskan 2025



### Redsle og glede

Det er noko som bryt gjennom på påskedagen! Noko vi ikkje rår over. Noko vi ikkje kan kontrollera, eller rett forstå. «Kristus er oppstaden. Ja, han er sanneleg oppstaden!»

«Kvinnene skunda seg bort frå grava, redde, men jublande glade», fortel Matteus, og dei sprang for å fortelje det til disiplane. Det er dette todelte av redsel og glede eg vil stanse litt ved. Det er jo dette som er verkeleg. Men ei ny

verkelegheit bryt gjennom. Og den rørsla ho skapar, er også vår verkelegheit. Trua på oppstoda blir ei drivkraft til håp og kjærleik. Denne drivkrafta gjer at vi – midt i alt som er – faktisk kan tru på Guds kjærlege nærvær. Fordi det har brote gjennom, i Jesu oppstode.

I Jon Fosse sin trilogi Septologien fortel han om målarer Asle. Asle har måla eit bilete som forteljinga stadig vender attende til. Det er to strekar som kryssar kvarandre. Ei brun og ei lilla

på eit kvitt, blankt lerret. Det er eit kors. Eit skjeringspunkt. Og eg ser for meg korleis dette enkle korset bryt gjennom eit bilete som ville vore heilt tomt utan dei to strekane. Og i si meditative, gjentakande form fabulerer forfattaren gjennom Asle om Gud som ikkje kan fattast. Som ikkje kan fangast i ord, for Gud er alltid ein annan enn dei namna vi gir han.

Men så synest han nettopp å kunne kjenne att Gud i eit slags «fråverande nærvær», som han kallar det. I Gud sitt fråvær anar han nærværet av Gud. Eller når han målar, ser han biletet som lys og mørke, og han seier: «alltid er det mørkeret i biletet som lyser mest, og eg tenkjer at det kanskje er av di at det er i fortvilninga, i mørkeret, at Gud er nærast, men korleis det lyset eg tydeleg nok målar, kom inn i biletet, nei ikkje veit eg, korleis det kjem til, nei, det skjønar eg ikkje...». I mørkeret anar han lyset. Og slik kunne vi halde fram: I det tomme anar vi fyllden. I einsemda anar vi fellesskapet. Han prøver å nærme seg det inste biletet i seg sjølv – som er Gud. Sjølv om han er varsam med å bruke namnet Gud. Men mennesket er skapt i Guds bilete, og ber Guds bilete i seg.

Da Maria Magdalena og den andre Maria kom til grava, var det framleis mørkt. Sorga var botnlaus. Fråværet uendeleg. Døden så endeleg. Alt dette kan vi forstå. Og tomleiken var ikkje berre ei indre kjensle – også grava var tom. Jesu kropp var borte.



Det er noko nytt som bryt gjennom på påskedagen. Aninga av Gud i fråværet, tomleiken, mørkeret og døden blir forankra i noko fast. Det blir forankra i Jesus Kristus sjølv. I korset. I hendinga. I evangeliet: Frykt ikkje: Kristus er oppstaden. Føter spring med bodskap om glede. Ei rørsle. Jesus synte seg for disiplane, og han syner seg for oss – som røyndom i vår røyndom. Som det kjærlege nærværet av Gud. Og som Gud sin nærverande kjærleik. God påske!

Ole Kristian Bonden  
Biskop i Hamar

#### VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord  
Kyrkjetenar: Ola Bøland  
Soknerådsleiar: Kristin Bakke Lajord  
kristin@bakkelajord.no  
Kontonr: 2146.60.18764  
Vipps 590297

#### HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Tore Hovda  
Kyrkjeverje: Håkon Berge  
Soknerådsleiar: Solbjørg Kvalshaugen  
solbjorg\_kvalshaugen@icloud.com  
Kontonr: 2146.30.09721  
Vipps 129651

#### ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715  
2978 Tyinkryssset

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Eirik Øye  
Kontonr: 2146.60.04674  
Vipps 118656

#### HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350  
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie  
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi  
Soknerådsleiar: Marianne Riste  
marianneriste@hotmail.com  
Kontonr: 2146.30.09969  
Vipps 544817

#### ØYE KYRKJE OG

ØYE STAVKYRKJE  
Øyevegen 130/135  
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Eirik Øye  
Kyrkjeverje: Ove Trøen  
Soknerådsleiar: Aud Synnøve Kvale  
aud.kvale@gmail.com  
Kontonr: 2146.20.55304  
Vipps 118656

#### TILSETTE:

##### Sokneprest:

Ingebjørg Vik Laugaland  
Tlf: 926 53 320  
e-post: il597@kirken.no  
Presten har kontor på Drengestøga.  
Ta kontakt på telefon for avtale.

##### Kyrkjekontoret

Dagleg leiar: Silje Hammerstad,  
Tlf. 902 42 171  
e-post: sh466@kirken.no  
Kontortid: 09.00-15.00

Organist i alle kyrkjer: Stilling vakant

##### Menighetspedagog:

Anne Mette Thoresen  
Tlf: 467 53 905  
e-post: at343@kirken.no

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:

Nils Bjarne Wangenstein

##### Felles e-post:

post.vangivaldres@kirken.no

Redaksjonen vart avslutta 31. mars  
Neste menighetsblad utkjem veke 25, frist for innsending av tekst og bilete  
er 23. mai 2025. Bidrag sendast på epost til [vangmenighetsblad@gmail.com](mailto:vangmenighetsblad@gmail.com)

Framsdebilete: Thor Østbye. Heensåsen kyrkje.

Då nærmar det seg atter ein vår, og det har vore eit særst innhaldsrikt år så langt.

I samband med årets driftsbudsjett og rammetilskotet ifrå kommunen fekk me heldigvis innvilga behovet vårt, så me fekk lyst ut ei 80 % kontormedarbeidarstilling rett før jul. Me lyste samtidig ut den vakante stillinga vår som 20 % menighetspedagog, i tilfelle nokon ynskte å kombinere desse. Me hadde fleire sterke kandidatar som søkte på kontormedarbeidarstillinga, og fekk tilsett Silje Marie Olimb, som har oppstart i løpet av våren. Me fekk og tilsett Anne Mette Thoresen som ny menighetspedagog, som starta opp i byrjinga av mars. Ein nærare introduksjon av desse kjem i

løpet av dei komande utgåvene av bladet. Dei er begge kjærkomne ressursar inn i staben, og me gleder oss til vegen vidare. Organiststillinga har og vorte lyst ut på nytt, der me har ein pågåande prosess i skrivande stund.

Me har og vore heldige å fått innvilga midlar frå Kyrkjebevaringsfondet, der me i løpet av det neste året skal gjennomføre eit overordna forprosjekt på Øye kyrkje. Forprosjektet er fullfinansiert og skal gje oss ein grundig tilstandsrapport på det byggetekniske, i tillegg til interiør og kyrkjekunst. Denne vil då seie noko om kva tiltak me lyt prioritere dei komande åra, og ikkje minst sikre at me startar i riktig rekkefølge. Sjølv om dette er ein tidkrevjan-



de prosess, har me uansett eit håp om at kyrkja står nymåla i løpet av 2026. Eg nyttar og som vanleg høve til å minne om å ta ei runde på gravplassane dykkar for å fjerne gamal pynt og gravlykter. Slik at fuglande ikkje spreier dette utover i naturen og dyrka mark utover våren.

**Med ynskje om ei herleg påske**

– frå Silje

## *Påskehelsing frå ordføraren*

Inngangen til påska er her. Mange ynskjer å koma seg opp i fjellet for å finna påskesnøen. Draumen om dagar i sola med kvikkklunsi og appelsinar lokkar.

Me som bur i Vang vil nok feire påska på mange ulike måtar. Nokon har fri heile påska, nokon jobbar fram til onsdag, medan andre er på vakt heile høgtida.

Det viktige er ikkje kvar og korleis me feirar, men at me alle prøver å ta vare på kvarandre. Ta opp telefonen og ring, eller besøk nokon du veit er åleine. Me kan alle gjere ein forskjell for nokon.

Nyt dagane, så håpar eg sola kjem fram og snøen held. Turen treng ikkje vere så lang, ut på verandaen med kaffekoppen, eller kanskje ein tur i lokalmiljøet som du lenge har tenkt du skulle gå, er meir enn godt nok. Det viktige er at du gjer det du kjenner er rett for deg sjølv.


Når me ser nyhende frå verdi rundt oss, kan me vera glade for at me bur her me bur. Vang er ein trygg plass, sjølv om

også me er påverka av verdssituasjon og krigen i Europa. Som ordførar er eg takksam for innsatsen de gjer, de som er på jobb i påska! De bidreg til at Vang skal vera ein god og trygg kommune å bu og leva i. Eg er takksam for dykk som legge ned innsats i friviljug arbeid i Røde kors og andre stadar. De gjer det trygt for oss andre. Og når du er ute i ei av våre mange mil med skiløyper, så hugs at det er nokon som er på jobb for at tilbodet og tryggleiken skal vera der.

Kos deg med dine i påska, heime eller på fjellet, og bruk gjerne tilboda i kommunen vår.

God påske til dykk alle både innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar og besøkande!

Jørød Ødegård Lunde  
Ordførar



## Min påskesalme

### Påskemorgen slukker sorgen

Jeg har fått spørsmål om å skrive litt om min favoritt blant påskesalmene. Det er mange flotte påskesalmer å velge mellom. Spesielt betyr de salmene jeg lærte i barneskolen, og som vi måtte pugge, mye. Jeg tenker spesielt på «Å, salig stund uten like», «Deg være ære» og «Påskemorgen slukker sorgen».

«Påskemorgen slukker sorgen» sang vi hjemme hver påskemorgen, noe jeg har fortsatt med som voksen, denne salmen blir derfor min favoritt. Salmen har en nydelig, sterk og fortellende tekst. Salmen er skrevet av Frederik S. Grundtvig som var dansk prest og salmediker, Ludvig M. Lindeman var den som satte melodi til salmen.

Salmen er fylt av jubel og glede over Jesus oppstandelse. Jeg tror nok også at Lindemans melodi er med på å gjøre salmen populær og gitt den sterk posisjon.

Alle kjenner vi beretningen om det som skjedde i Jerusalem for snart 2000 år siden. Oljeberget, Getsemane, Via Dolorosa og Golgata er alle kjente steder fra Jesus siste dager. Men hvor var Jesu grav? De lærde strides.

Jeg vil fortelle litt fra den tredje gangen jeg var med til Israel, dette er 26 år tilbake i tid. Vi var tre lærere fra Vang som meldte oss på studietur til Israel, det var rolige forhold i landet den gangen. Magne Rydland, som underviste ved Hamar lærerhøgskole, var reiseleder. Det var mange sterke opplevelser, spesielt var det å synge salmer i Bebudelseskirken i Nasaret, i Fødselskirken i Betlehem, i Garden Tomb (Gordons Golgata) i Jerusalem, emosjonelt, men også å være på steder omtalt i bibelen, og der lese teksten som passet til, var minnerike og sterke opplevelser.

Jeg har notert litt fra vår vandring den gangen fra Antoniaborgen til Golgata. Antoniaborgen var stattholderens hovedkvarter når han var i Jerusalem. Det var stasjonert en romersk vaktstyrke her, man regner med at dette er det stedet Jesus ble forhørt, altså er dette første stasjon på «smertens vei». Tredje stasjon er der Via Dolorosa krysser El-Wad Street, her er et minnesmerke i muren ettersom det var her Jesus falt med korset. En time med sterke inntrykk lå foran oss!

Via Dolorosa, gata er en av mange trange smug med eldgammel brostein. I Gamlebyen er det forskjellige kvarterer for de ulike religionene: det jødiske, muslimske, kristne og armenske. Her kan du få kjøpt alt, det er araberne som dominerer, og handelen er livlig. Her skal du prute, utøve skuespill, taktkkeri og kløkt. God underholdning! Du kan også bli ranet. Det streifet meg at det kan være langt mellom storpolitikk og hverdagsliv i Israel.

Gravkirken med «Holy Sepulchre» er en mengde kapeller og kirker av forskjellige stilarter bygd inn i hverandre. Ordet vakkert er lite dekkende. Som nevnt strides de lærde om hvor Golgata lå. Helt siden 335 e Kr. har det ligget en kirke på det stedet hvor man nå finner Den hellige gravs kirke, og man



har identifisert det med Golgata. Kirken har etter hvert blitt omdannet til et religiøst kultsted med overdådige utsmykninger. Var det her Jesus ble gravlagt og siden stod opp? Det som er viktig og betyr noe, er vel opplevelsen av å stå på et sted som gir visshet om Jesus og vår tro.

Fjellet der Jesus ble korsfestet, er redusert til en høyde på fire meter. Golgataklippen inne i den gresk-ortodokse kirke er i dag helt overkledd med marmor, og omgitt av murer og altere. Det falt vanskelig å oppleve et slikt sted uten stillhet, her var det stappa fullt av folk og summing fra mange tungemål. Men likevel, dette er kristendommens helligste sted.

Sitat fra Wikipedia: «I det 19. århundret sådde en rekke forskere tvil om plasseringen av Den hellige gravs kirke faktisk var korrekt. De påpekte at Den hellige gravs kirke er oppført innenfor Jerusalems bymur, selv om de eldste beretningene om korsfestelsen, f.eks. Hebreerbrevet 13,12, viser at den fant sted utenfor bymuren. Kort tid etter at disse synspunktene ble framsatt, reiste engelskmannen Charles George Gordon til byen, og om morgenen etter sin ankomst utpreget han en klippe i en hage like utenfor bymuren som det ekte Golgata, og en grav i nærheten som den ekte graven. Stedet kalles i dag Garden Tomb og er et populært pilegrimsmål, især blant protestanter som vanligvis ikke har tillatelse til å avholde sin egen gudstjeneste i Den hellige gravs kirke».

Vi besøkte Gordons Golgata som ligger på Nablus Road (3-400 m nord for Damaskus-porten). Garden Tomb ligger på

en bakke som av utseende minner om et kranium, betydningen av Golgata. Her, i et landskap som minnet mest om en overdådig engelsk hage, fantes en grøtte med to kamre, som anglikanere og en del protestanter mener er Jesus rette

grav. Vi sang påkesalmer og gjenopplevde stemningen av første påskedag. En minnerik opplevelse!

Ottar Jægersborg

Påskemorgen  
slukker sorgen,  
slukker sorgen til evig tid;  
den har oss givet  
lyset og livet,  
lyset og livet i dagning blid.  
Påskemorgen  
slukker sorgen,  
slukker sorgen til evig tid.

Redningsmannen  
er oppstanden,  
er oppstanden i morgengry!  
Helvede greder,  
himlen seg gleder,  
himlen seg gleder med lovsang ny.  
Redningsmannen  
er oppstanden,  
er oppstanden i morgengry!

Sangen toner,  
vår forsoner,  
vår forsoner til evig pris;  
han ville bløde  
for oss å møte,  
for oss å møte i paradiset.  
Sangen toner,  
vår forsoner,  
vår forsoner til evig pris.

Bøtt er brøden,  
død er døden,  
død er døden som syndens sold!  
Nå ligger graven  
midt i gudshaven,  
midt i gudshaven i Jesu vold.  
Bøtt er brøden,  
død er døden,  
død er døden som syndens sold.

Mørket greder,  
engleklleder,  
engleklleder de er som lyn.  
Om enn bedrøvet  
smiler dog støvet,  
smiler dog støvet ved englesyn.  
Mørket greder,  
engleklleder,  
engleklleder de er som lyn.

Se, i skarer  
opp vi farer,  
opp vi farer fra grav i sky.  
Tungene gløder,  
Herren vi møter,  
Herren vi møter med lovsang ny.  
Se, i skarer  
opp vi farer,  
opp vi farer fra grav i sky.

## PÅSKA I KYRKJENE

Palmesundag 13. april,  
Haukåsen kl 13:00  
Gudsteneste  
v/sokneprest Laugaland  
Kyrkjekaffi i samarbeid  
med Sølvi Havro

Skjærtorsdag 17. april  
St. Tomaskyrkja kl 12:00  
Gudsteneste m/nattverd og dåp  
v/prestevikar Terje Eklund

Skjærtorsdag 17. april,  
Høre stavkyrkje kl 19:00  
Gudsteneste m/fotvask og nattverd  
v/sokneprest Laugaland

Langfredag 18. april,  
Børrelia kl 12:00  
Friluftsgudsteneste  
v/sokneprest Laugaland m/fleire

1. Påskedag, søndag 20. april  
Vang kyrkje kl 11:00  
Høgtidsgudsteneste m/nattverd  
v/sokneprest Laugaland

1. Påskedag, søndag 20. april  
St. Tomaskyrkja kl 12:00  
Høgtidsgudsteneste m/nattverd  
v/prestevikar Terje Eklund

1. Påskedag, søndag 20. april  
Vangsheimen kl 13:00  
Andakt m/nattverd  
v/sokneprest Laugaland



Damascus Gate in Jerusalem,  
Israel. Foto: Levi Meir Clancy

## Vinteren på dagsentra

Det har vore stor aktivitet ved begge dagsentera. Førebuinga til jol med jolebakst starta i god tid, slik at det vart både tid til baking av fleire slag og ein aldri så liten prøvesmak. Barnehageborn kom og gjekk i Luciatog med fin song som glede alle som var tilstades og gav den rette jolestemninga. Solgløtt vart og invitert til Slidre dagsenter, alle såg fram til dette og dagen vart eitt høgdepunkt, med veldig god mat servert og praten glei lett rundt borda. Det kom godt fram kor viktig det er å samarbeide og treffast på tvers av kommunegrensene.

På nyåret vart filmen «Den forsvunne pølsemaker» vist på den etterkvart så populære kinodagen. Godt oppmøte og gjensyn med populære skodespelara på skjermen vart det.

Fleire generasjonstreff med babysong har det og vore, mange er det som har stilt opp både frå bygda og Vangsheimen. Besøk frå ungdomar på ungdomstrinnet ved Vang barne- og ungdomsskule hadde me og, dei laga kreative aktiviteter som skapte stor iver og engasjement hjå alle som var tilstades.

Andakt er det ei gong i blant, med god servering i etterkant. Når nokon har bursdag, markeres dette med god kake og varm kaffi. Seniordansen og Fjellblom musikkorps har kome på besøk og underhalde med fin dans og musikk som har lyst opp og gjeve stor glede for alle som har møtt opp og høyrte på.

Reidun Porten kjem og på besøk med jamne mellomrom og syng og spelar nydeleg, fleire er det som syng med på dei kjende og kjære songar som bringer fram minner frå ei svunnen tid. Dominik Schmidt-Philipp og Magne Olav Selland har underhalde med song og musikk, det har skapt gode stunder i mørketida.

Tore Halvorsen, tidlegare vokalist i Ole Ivars, heldt konsert med fleire slagere, mange var det som trødde takta og sang til når tonene strøymde utover ein fullsett sal og skapte stor stemning og



begeistring.

Fastelavn vart markert med å lage fastelavnsris, bake og ete fastelavnsboller. Me bruker og å ha trim så ofte tida tillater det. Måltidene blir ofte lange, med gode samtalar, og medan strikkepinne-

ne klirrar livlig, sit latteren løst og gode historier blir fortalt.

Me vil få ynskje dykk alle ei riktig god påske!

Hilsen

Mimoza, Gerd, Anny og Anne

## Kvinnenes internasjonale bønnedag

På kvinnenes internasjonale bønnedag, den 7 mars, var vi samlet et 15-talls damer i Høre stavkirke. Temaet var hentet fra Salme 139,14: «Eg skapte deg unik, du er underfullt laga.» Det var Cookøyene som var tildelt dagen i år. Cookøyene består av 15 øyer, spredt over et stort areal i Stillehavet. 12 av øyene er bebodd av totalt ca 17000 innbyggere.


Kollekten fra dagen går for en stor del til arbeidet med å trykke og distribuere barnebøker og barnebibler til de forskjellige språkgruppene på øyene.

«Kia orana, Kia orana» er hilsenen maorifolket møter hverandre med når de treffes. Det betyr langt mer enn et «hei». Det inkluderer et ønske om et langt, rikt og godt liv. Men vi fortsatte vår samling på norsk, med sang, bønn og forbønn. Jeg siterer litt fra en av bønnene: «Takk Gud, for at du ved din Heilage Ande gjev oss av ditt liv kvar dag. Kvar og ein av oss er skapt unik, og er djupt elska av deg. Takk Gud, vår Far, for at du har gjeve oss kvarandre i gåve.»

Det var Solveig Heimlid som ledet samlingen vår. Etter at vi hadde lest Salme 139 fra Bibelen holdt hun en fin andakt over mange av tankene i denne salmen.

Guds omsorg for oss beskrives ved at vi er omgitt av Gud – bakfra og forfra, altså fra alle kanter. Vi er vevd i bildet av en personlig Gud. Vi har stor verdi – og alle er likeverdige – uansett alle våre ulikheter, både fysisk, psykisk og mentalt.

Det blir sagt at vi mennesker blir til i møte med hverandre. Vi trenger trosfellesskap, både lokalt og over hele jorden.



Vi er omfavnet av en barmhjertig Gud som ikke har glemt oss, men vi har og et ansvar selv til å skape fred, vise nåde, ha varme hender.

Etter Solveigs andakt sang vi «Guds menighet er jordens største under» og fortsatte samlingen med bønn og lovprisning.

TS



## Konfirmantar i Vang 2025

Øye kyrkje 7. juni

Amanda Kjørstad Bø  
Isak Johannes Havro  
Ylva Solemsli

Vang kyrkje 8. juni:

Thias Tørstad  
Emrik Anakin Martinsen  
Elise Vendil Guldvik-Belsheim

Heensåsen kyrkje 14. juni:

Gleb Diadiurenko  
Frøya Hippe Lunde  
Peter Johan Haaverstad

Høre stavkyrkje 15. juni:

Nova Mathea Nilsen Kallhovd  
Hedda Skeie  
Birk Skeie  
Karoline Bjone Veflen

## Skulehusbakkin

Det er ei glenne i skogen like ved Åsvang skule. Dette er Skulehusbakkin, i gamle dagar ein mykje brukt hoppbakke. I dag er det ikkje hoppbakke her lenger. Han blir nok brukt til akre-brett og snøbrett, og av og til er det eit skispor der. Men, aktiviteten i denne bakken i min oppvekst på 60-talet, var noko heilt anna.

Den tida gjekk alle ungane i krinsen på Åsvang skule. Krinsen omfatta etter kvart Heen, Lien, Torpe, Vennis og Remmen. Om vinteren var vi i bakken kvart einaste friminutt. Det var om å gjera å koma seg opp og få teke eit hopp før det ringde inn att. Ja, var vi på veg opp i ovarennet for andre gong, hende det nok at vi gjekk heilt opp og gjorde hopp nummer to også. Det likte Boye læraren berre så måteleg, men eg kan aldri hugse noko straff ellerattsiting på grunn av dette.

Komme inn i klasserommet att, var det å henge klaka vottar på panelomnen så dei skulle tørke litt før neste friminutt. Eg gløymer ikkje lukta av blaut, varm og delvis svidd ull, men dette fekk vi lov til.

Eg var så heldig å bu like ved skulen og bakken, og difor møttest vi ungane som budde nærast ofte i bakken om kvelden også. Det var om å gjera å trene til dei store hendingane i løpet av vinteren, klubbmeisterskapen og pokalrennet. Desse gjekk oftast av stabelen i mars og drog mange deltakarar og tilskodarar. Dette var festdagar for grenda.

Pokalrennet gjekk på omgang mellom dei forskjellige idrettslaga i Vang som hadde hoppbakke. I Høre var det Skjef-tisbakkin, og i Vang var det Bersbakkin (Bergesbakken). Det var hoppbakke i Øye også. Eg kan aldri hugse eg var i Øye på pokalrenn, men truleg var dei med i rennkarusellen dei også.

Skulehusbakkin var den minste av desse tre bakkane. Eg hugsar ikkje bakke-rekorden, men den var vel nokon og tjue meter. Det var difor ikkje fritt for anna enn at vi frå Fjellblomen skalv litt i buksene fyrste gongen vi skulle hoppe i dei store bakkane. Bersbakkin var den



største. Der vil eg tru det kunne hoppast rundt 35 meter. Når vi var så gamle at vi kunne hoppe i storbakken og var tekne ut på laget, var det berre å seta utfor.

Greinene var hopp, langrenn og kombinert. Det vart kåra individuelle vinnarar i dei forskjellige aldersklassane, og så vart det rekna ut kva for eit idrettslag som samanlagt hadde det beste resultatet. Dette laget fekk namnet og årstalet inngravert på ein vandrepokal. Eg vil tru den måtte vinnast tre gonger for å kunne takast til odel og eige. Då vart det sett opp ein ny pokal.

Etter kvart renn i Skulehusbakka var det premieutdeling i kjellarsalen på skulen. Oftast var det ein liten pokal eller ei teskei, skei eller gaffel i «sylv» å få. Far laga ei hylle i stova som vi kunne setja premiesamlinga på, vi var jo litt stolte etter som samlinga vaks. Men like stor stas var det å få namnet sitt i avisa. Idrettslaget sende inn resultatata frå renna, og Valdrisen var flink til å ta dei inn.

Skulehusbakkin vart utbygd med hopp i tre. Dette ga stor høgde over kulen og harde nedslag om ein hoppa langt. Eg hugsar det vart ei grop nede i overgangen, dei beste landa der. Så å seia alle hadde hoppski, strekkbukse og genser, det var utstyret. Ei topplue på hovudet, hjelm hadde ingen høyr om. Eg kan enno høyre blafringa i strekkbuksa når ein storfugl flaug ned bakken.

Hoppstillaset er borte, og som hoppbakke er vel Skulehusbakkin borte for

godt. Men då hoppinteressa gjekk attende, tok langrennsinteressa seg opp. I dag har Fjellblom Idrettslag det finaste langrennsanlegget i Vang i området ved Åsvang. Kvar veke om vinteren er det klubbrenn med deltaking av små og store frå heile kommunen. Slik er Åsvang framleis ein stad der barn og vaksne kosar seg med ski og snø og friskt uteliv.

Så kan vi gamlingane berre mimre om at alt var betre før. Men kanskje var det ikkje det?

Tekst og foto: Ola Heensåsen

### Omvisning i stavkyrkjene sommaren 2025

**Høre stavkyrkje;**  
søndag-onsdag,  
kl. 10.00-17.00

I perioden;  
f.o.m. søndag 22. juni  
t.o.m. onsdag 13. august.

**Øye stavkyrkje;**  
torsdag-søndag,  
kl. 10.00-17.00  
I perioden;  
f.o.m. torsdag 19. juni  
t.o.m. søndag 17. august.



**Skiløparar i 1935** Frå venstre: Andreas Ødegård (f. 1917), Synnøve Hermundstad (f. 1910), Berit Lunde g. Hermundstad (f. 1913) og Olav Johansen Fauske (f. 1912)  
Fotograf: Ukjent. Eigar: Gerd O. Marken



**Ungdomslaget på skitur i 1942** Frå venstre: Johannes O. Nordsveen (f. 1917), Boye O. Wangensteen (f. 1915), Anders O. Nordsveen (f. 1920), Amund Heensåsen (f. 1916), Nils Leirhol (f. 1912). Fotograf: Ukjent. Eigar: Amund Heensåsen

## Årets positive Vangsgjelding

«Årets positive vangsgjelding» er ein pris som heng høgt. Ved utdelinga før jul er det alltid fullt på biblioteket, og prisvinnaren er ofte lurt eller lokka med på arrangementet, uvitande om kva som skal skje. Så og denne gongen, då Ylva Solemsli hadde lokka med seg far sin.

Ved utdelinga presenterte ordføraren prisvinnaren som ein ekte fjellfant, som er langt over gjennomsnittet glad i laussnø. Frå ordføraren sin tale tek vi med at han etter skulegang i Vang fylgde draumen sin og tok idrettsutdanning, samt hadde ein flott karriere med telemark-kjøyring. Etter at han fløtte tilbake til heimbygda, har han gjeve store deler av fritida si til ungar og ungdom i Vang som trenar, og med stor kunnskap og gode eigne ferdigheiter vart han ein stor inspirator og eit godt førebilete for vår ungdom. Han er ein lagspelar og organisator som og inspirerer andre trenarar og friviljuge, og han får prisen for sin mangeårige innsats som trenar i Vang IL alpin og freeski.

Vi har hatt ein prat med Leif Øyvind Solemsli, som er fødd i 1979. Han havna tidleg i idrettsmiljøet, og det vart tydeleg hans plass i livet. Frå 5-års alderen var det mykje ski og fotball, men frå ca 11 år var det Harald Bøe og Henric Strandberg som inspirerte. Dei dreiv med både telemark og alpin kjøyring på Filefjell.

I 1995 kom han til Oppdal skigymnas, og vart der kjent med bl.a. Aksel Lund Svindal. Etter 2. klasse måtte alpint vike for telemarinteressa. Det vart og eit ekstra 4. år på Oppdal. Det året, 1999, fekk Leif Øyvind ein World Cup seier i telemark, i eit renn som gjekk i Aurdal. So vart det forsvaret, der kom han i idrettstroppen og var på Kolsås. Samtidig var han aktiv i telemark og var på landslaget fram til 2002.

Etter det vart det idrett grunnfag i Sogndal, og så ein master i idrettsvitenskap på NTNU i Trondheim. I NSF er han trenar 3 i alpint, som er høgste trenarnivået der. Etter Trondheim vart det så eit år som skilærar på folkehøgskula på Gol, 2007-8, der det gjekk i ski og snowboard med hopp og trixing. Endeleg var guten så vaksen at han kunne slå seg til ro, og valget vart heldigvis Vang, med bolig oppe på Tyinkrysset. Sportsforretning kom det i desember 2008.

Heile livet har Leif Øyvind vore aktiv på ski, og frå før tenåra ein dei yngre kunne sjå opp til. Slik har han berre fortsett å bruke sine kunnskarar og evner til å lære og motivere andre. Gjennom svært mange år har han vore innom løypene på Filefjell, og dei siste 12 år som fast trenar i Vang IL, alpin- og freeski. Dei siste 8 år som leiar i alpingruppa. Han har også fleire år som fotballtrenar og turntrenar for ungar i Vang. Men som fotballtrenar fekk han sparken av sin eigen son, og slik var den karriera over.

Når vi høyrer værmelding er det ofte og skredvarsel. For at dette skal vera litt å stole på må folk ut for å sjekke forholda. For varslingsregionen Jotunheimen kjem det observasjonar frå Tyinkrysset, Beitostølen, Lom og Turtagrø. Observatorane



går eit utval turar for å sjå og vurdere snøforholda med skare, nysnø, regn m.m. Leif Øyvind har frå 2010 vore vår mann i snøskredvarslinga. Han fortel det er fleire turar, og han må så vurdere vær og føre og kva tur han kan gå når han dreg ut. Ute på tur sjekkar han så snøforholda og sender inn ein rapport med tekst og bileter via appen Varsom. Snøskredvarslinga får rapporten og må laga noko dei trur kan hjelpe våre naturelskarar.

Det aller viktigaste er likevel at alle som går ut har med utstyr for å klare seg, seier Leif Øyvind. Mens vi er i bevegelse held vi som oftast varmen, men ein skade med stillesiting eller berre så vidt bevegelse, då blir det fort kaldt, minner han om. I tillegg bed han oss tenkje over kor snøgt været kan forandre seg i fjellet, og kor vanskeleg det er å orientere seg når skødda omsluttar oss. Folk som forstår kart og kompass kan likevel ofte få problem når skødde eller myrkre ligg tett rundt oss, seier han.

Leif Øyvind vil likevel oppfordre oss til å bruke fjellet. Bli betre kjent med forholda og været, bli tryggare på oss sjølve og slik kunne ferdast på ein sikrere måte, og bistå andre som har vore uheldige.

Tekst: Ivar Hemsing

Foto: Privat

## Jesu oppstandelse – vårt håp i liv og død

Hva betyr påsken for deg? Er det kun noen etterlengtede fridager, skitur i fjellet med appelsin og Kvikklunsj, late dager foran peisen og gode måltider? Eller har din påskefeiring også tid for refleksjon og tanker omkring det som er selve påskens budskap og innhold? Kanskje du gir plass for både det ene og det andre av det jeg har ramset opp? Det hadde vært en super kombinasjon!

For svært mange er julen den store høytid. Men den overgår likevel ikke påsken. Iallfall ikke i kristen sammenheng. For det er påske som er den største og betydeligste høytid i vår kirke. Nå hadde det selvsagt ikke vært noen kristendom eller kirke om vi ikke hadde hatt julen med Jesu fødsel. Det var med barnet i krybben – Guds enbårne sønn – det hele startet. For Gud hadde planer med Jesus – for med Jesusbarnet kom Folkefrelseren til vår jord. Og med Jesu fødsel ga Gud oss mennesker sitt rause og veldige kjærlighets avtrykk.

Som vi vet hadde Gud store tanker om Jesus, og det er i påsken det virkelige kulminerer. Det er da Jesus viser sin mektige frelsergjerning gjennom sin død og oppstandelse. Han lot seg korsfeste og gikk i døden for å ta på seg vår synd og skyld. Og han sprenget dødens lenker og viste ved det Guds allmakt og

at han er Herre over dødens makt. Da Jesus sto opp fra de døde påskedag, ga han menneskeheten nytt håp. Ved Jesu oppstandelse fikk lyset, kjærligheten og håpet fotfeste i denne verden. Hans oppstandelse kan også bli din og min oppstandelse. For Jesus har lovet at alle som tror på ham, skal få eie evig liv. Han er den eneste som kan gjøre død om til liv.

Ingen kriminalroman kan måle seg med Bibelens påskedrama. Det hele innledes med Jesu inntog i Jerusalem palmesøndag. Jesus kommer ridende på eselfolen og menneskemengden roper ut sitt «Hosianna! Velsignet være han som kommer, i Herrens navn». Jesus hylles på sin lidelsesvei. For noen dager senere lød: «Korsfest! Korsfest!». Så beveger vi oss inn i den stille uke. På skjærtorsdag blir Jesus forrådt av sine nærmeste – disiplene. Han spiser det siste måltid sammen med dem og han innstifter nattverden. Etter skjærtorsdag følger langfredag med korsfestelse og død og hvor Jesus går i døden for at vi skal få leve. Han er som såkornet som må dø i jorden for å få nytt liv.

Jesu lidelseshistorie er unik. Korsfestelsen på Golgata kom til å bli et vendepunkt for verden og menneskeheten. Jesu korsfestelse og død skulle få vel-

dige konsekvenser – også for deg og meg som lever i dag. Det fordi han tok på seg vår skyld. Når vi sier ja til Jesus og ber om tilgivelse for våre synder og feiltrinn, så sletter han dem ut og kaster dem i glemselens hav. Visst er langfredag dyster og mørk, men den er sannelig også den gode fredag – forsoningens og håpets dag der veien åpner seg inn til Guds faderfavn og til et samfunn med ham som verken død eller dom kan stanse. Ja, tenke seg til: Midt i all sin gru bærer langfredagen i seg liv og frelse! Midt i mørket er det lys! Jesu død er ikke en meningsløs død, men et offer for våre overtredelser og feilgrep.

Og så fullendes det veldige drama med Jesu oppstandelse påskedag, som er vår store gledesfest i kristenheten og kirkens historie. Påskemorgen kan vi i glede synge ut vårt «Deg være ære, Herre over dødens makt!». Det fordi redningsmannen er oppstanden og lever blant oss. Jeg husker gamleprosten, Georg Espolin Johnson, engang uttalte følgende: «Dersom Jesus Kristus ikke er legemlig oppstått fra de døde, vil jeg finne meg et annet yrke på dagen!». Ja, Jesus lever, som din og min Frelser! Det helt fundamentale i min tro er Hans nærvær i livet mitt her og nå. Jesu død og oppstandelse er vårt håp i liv og død. Det er påskens budskap.

Terje Eklund  
Prestevikar



Foto: Thor Østbye

## Samefolkets dag

I god tradisjon feira vi i Vang Samefolkets dag 6. februar. Denne gangen møttes mange av oss på Tyinkrysset fjellstue kl 17, og her var det mulig å kjøpe bidos og etterpå kaffe og sjokoladekake. Vertskapet fikk det travelt med serveringa, for vi var ca 60 personer. Vi var ei god blanding av bygdefolk, hyttefolk og tilreisende fra nabokommunene våre.

Etter ei god og sosial matøkt starta programmet. Aud Kvale, som er leder i soknerådet i Øye, utfordra oss med en omfattende kviss med både rein- og samerelaterte spørsmål og andre gode spørsmål. En god kunnskapstest.

Så var det musikk ved Alistairs orkester – et orkester som ofte opptre på feiringa av Samefolkets dag og som har varierende besetning. Denne gangen var det Alistair Peters på piano, Carl Philip på ukulele, Silje Hjellemarken Helland på blokkfløyte og Kristian Finsveen på rytmeinstrument. De underholdt oss med flere gode musikkstykker.

Før gudstjenesten begynte kl. 19 fikk vi en sterk og viktig påminnelse. Torstein Kongslie oppfordra oss til i stillhet å minnes Odd Bjørnar Bjørkås. Han skjøt bjørn i selvforsvar for reinen sin og ble dømt for dette. Kort tid etter at fotlenkesoninga begynte tok han sitt eget liv like før jul. I januar møtte flere av oss slakterne fra Lierne på reinslaktinga for Fram, og de fortalte at det hadde vært 700-800 personer i begravelsen.

Carl Philip ledet oss i den tradisjonelle festgudstjenesten for dagen, og Ola var trofast klokker. Det er høytid når vi synger samenes nasjonalsang. Og som vanlig kunne vi velge språk for mange av salmene. Carl Philip holdt en god og tankevekkende preken, og vi siterer hva han selv sa om innholdet: «I preika var jeg blant annet inne på betydningen av fargerikdom og mangfold som samefolket bidrar med. Det skaper gode og livgivende samfunn når vi kan se og anerkjenne og respektere hverandre. Jeg tok også for meg spørsmålet: hva er våre «superkrefter». Det er som en del tror de er sterke når de kan ødelegge mye.

Men «superkreftene» vi alle har del i er barmhjertighet, omsorg, kjærlighet og alt det som er med på å beskytte og legge forhold til rette for livet. Det gjelder både våre medmennesker og det gjelder det skaperverk vi er del av.»

Ved inngangen til salen hadde Aud Kvale laga ei flott utstilling med bilder og samiske gjenstander, og kanskje tok vi oss litt for lite tid til å studere den grundig. God innsats fra Aud i alle fall!

Vi var fire godt voksne damer som kjørte sammen, og på vegen hjem var vi enige om at vi hadde hatt en flott og opplevelsesrik kveld på mange vis. Det var god mat, sosialt samvær, god underholdning og alvor og ord til ettertanke.

Stor takk til alle som bidro til å gjøre dette til en flott feiring! Kanskje er dette den «nye» måten å feire dagen på i Vang – å



ha hele feiringa på Tyinkrysset!

Tekst og foto: Kristin Bakke Lajord  
Foto: Aud Kvale, Ingegjerd Havro, Kari Bø Wangenstein



## ÅRSMELDING HEENSÅSEN SOKNERÅD

Soknerådet i Heensåsen kyrkje har halde to møter i 2024. Det har og vore to felles soknerådsmøter med alle sokna i Vang. I soknerådet sit sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland som geistleg representant, og dei folkevalde medlemmene er Nils Harald Heen som nestleiar, Oddvin Almenning som kasserar, Unni Flaate som representant til Kyrkjeleg fellesråd, Solbjørg Kvalshaugen som leiar og representant til Kyrkjeleg fellesråd, samt varamedlemmene Elin Rømyhr Haugen, Randi Sandhaugo og Synnøve Kvam. Den 14. mai var det dugnad på kyrkjegarden i strålende vårvér, og meir enn tjue personar møtte opp for å svinge riva og annan naudsynt reiskap. Til slutt var det traktement med kaffi, saft og kringle bakt av Randi Sandhaugo, og smakfulle muffins som Guro Hovda hadde bakt.

Det er halde 11 gudstenester i kyrkja, der me har halde fram med ordninga med ein uformell møteplass med kyr-

kjekaffi anten etter messe på dagmesser eller ein halvtime før messa på kveldsmessene. Unntaket var sjølvstjuleftan. Me syns dette er ei fin ordning og me vil halde fram med kyrkjekaffi også i 2025. Offermåla for 2024 har vore annankvar gong til arbeid for Heensåsen kyrkje og annankvar gong til arbeid for psykisk helse for ungdom i Vang. Det vart samla inn meir enn kr. 16.000,- i offer i 2024. Heensåsen sokneråd gjev kr. 8000,- til psykisk helse i Vang og det vil bli kjøpt inn sensoriske hjelpemiddel for terapeutisk arbeid med barn og unge. Resten av offeret går til arbeid ved Heensåsen kyrkje. Me har mål om fullføre det prosjektet som førre sokneråd sette i gang, med å setje opp benkar på kyrkjegarden. Romslo vil utføre arbeidet for oss.

Det vart i tillegg arrangert palmesøndagsmesse på Haukåsen og stølsmesse i Herredalen. Rett før jul vart kyrkja fylt av både tilskodarar og musikarar til ein

flott konsert med Fjellblom musikklag og Vangskoret. Det har vore to vigslar i Heensåsen i 2024, og det er også to små sokneborn som er blitt døypte. Det var i utgangspunktet to konfirmantar i soknet, men den eine konfirmanten valde å konfirmere seg i Vang kyrkje med sine vener, og dermed vart det berre ein konfirmant i Heensåsen kyrkje. I grennda vår har seks sokneborn gått ut av tida og vorten gravlagde i 2024. Alt hausten 2024 starta førebuingane for årets tre konfirmantar i Heensåsen sokn. Fram mot sjølve konfirmasjonsdagen laurdag den 14. juni 2025 må dei gjennom konfirmasjonsopplæringa, som blant anna krev at dei må vera til stades på minst åtte gudstenester før konfirmasjonen. Det er god stemning i soknerådet og me ser fram til å gjera gode tiltak for Heensåsen kyrkje og gode gjerningar for soknet også i 2025.

Solbjørg Kvalshaugen  
leiar Heensåsen Sokneråd

## Samling for Valdrespelets frivillige – ei takk og ein ny start!

Laurdag 15. februar samla vi oss på Høre skule for å feire innsatsen til alle frivillige som gjorde Valdrespelet 2024 mogleg. Det vart ein kveld fylt med god mat, minner og inspirasjon for neste års oppsetjing av Dronningemne.

Valdrespelet er eit historisk spel med røter i Valdres si kultur- arv, og i fjor hadde vi urpremiere på piloten: Dronningemne av Ragnhild Lund – eit storslått drama om Gyda Eiriksdotter og kvinnene på Kvien, som sette Harald Hårfagre på prøve. Publikum vart gripne av ei historie som framleis gjev gjenklang i dag. Vi fekk strålende tilbakemeldingar, og no ønskjer vi å byggje vidare på suksessen for å gjere 2025 enda betre!

I Høre var vi ein stor gjeng – heile 48 personar deltok på samlinga – og stemninga var fantastisk. Vi såg film frå spelet, delte gode historier og fekk helsingar frå skodespelarane på video. Maten var det Keez på Mjøsvang som stod for, og vi kunne ikkje bedt om ein betre ramme for samværet.

Tusen takk til alle som kom! Til dykk som ikkje hadde høve denne gongen – vi håpar å sjå dykk neste gong! Dette var den første av fleire samlingar, og det er tydeleg at fellesskapet rundt Valdrespelet er sterkt.

Følg med på nettsidene Valdrespelet.no eller vår Facebook-side. Der vert informasjon lagt ut fortløpande! Vi inviterer både gamle og nye frivillige til nye samlingar, for nett no startar arbeidet med *Dronningemne 2025*. Sjå opp for «OPE PRODUKSJONSMØTE» i ditt lokalmiljø! Vi treng folk frå heile Valdres – statistar, (parkerings)vakter, koordinatorar, handverkarar og alle som har lyst til å bidra, enten for ein dag eller gjennom heile perioden.

Har du lyst til å vere med? Bli ein del av Valdrespelet, eit prosjekt som gjev liv til historie, kultur og fellesskap! Ta kontakt med [frivillig@valdrespelet.no](mailto:frivillig@valdrespelet.no) eller styreleiar: [aud.kvale@gmail.com](mailto:aud.kvale@gmail.com)

Vi gler oss til ein ny vikingfest i Gardalen og ser fram til å skape nye minner saman!

Ragnhild Lund og Erle Joan Kjernes






# Barnas



**LABYRINT**  
Hjelp Maria  
å finne  
veien til  
graven.



**FARGELEGG** bildet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døde og stod opp igjen.



Tegning: Chiara Bertelli

## Hemmelig melding til agenter

Bruk agentalfabetet for å tolke meldingen.

דב נזקק לכף

קקז אל קקז

### Vitser:

- Du lukter så godt i dag. Hva har du tatt på deg?
- Rene sokker.

Det mystiske agentalfabetet:

η ] z Δ > 7 1 h 2 7 y Γ ε z ο  
A B C D E F G H I J K L M N O

∨ √ ρ ρ Δ Δ y Δ ζ γ y √  
P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å



Gi bladet Barnas til et barn du er glad i!

Disse oppgavene er hentet fra bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



Har du hørt om han som sov så tungt at senga knakk?

## Turisme på Grihamarstølen

Julenummeret av bladet vårt var ute blant lesarane. Telefonen ringde og ei kjent stemme sa: Hei Ivar, artig lesnad om kulturminner, men du skulle ha vøre innom i låvemuseet mitt. Der har eg gamle bilder og opplysningar om turisme ved Grihamarstølen. Det var Aud Kvale som prata, og vi avtala at eg skulle ta ein sving innom.



Det vart ein interessant time, sjølv om eg måtte konsentrere meg om berre lite av samlinga. Aud har samla utruleg mykje, så dette museet bør du ofre litt tid på.

Aud har gamle slekts- og historiske bøker der ein kan finne at både Grihamar og Hermundstad hadde litt turisme frå omkring 1926. Ho fortel at navnet opprinneleg var Brekkestølen. Ei brekke er som kjent ein bratt bakke.

Sælet på Hermundstad var opprinneleg eit ganske romsleg tømra hus, sett opp ca. 1900 av Aud sin oldefar, Jørgen K Hermundstad, og kona Anne f. Grihamar. I 1927 fekk Aud sin bestefar, Torstein Jørgensen Hermundstad, skjøte på garden. Aud tenkjer det var han som så utvida bygget. Som bilder viser, fyrst eit påbygg i lengda, seinare og eit inngangsoverbygg. Eit av bildene viser ei ukjent dame, så er det Severine med dottera Anne (ca 3,5 år) på armen og Torstein med eit veafange. Severine hadde teneste i Oslo, og der gifte ho og Torstein seg i 1930. På høne-bildet er det kome informasjon på veggen. Hønene gav og ferske egg, som sikkert var populært. Eit bilde som ikkje er med her, viser ein stor ystekjele over eit bål. Bl.a. to fine damer står der og ei av dei rører i ystekjelen. Det var opplevelsesturisme, der dei sikkert og fekk smaka etterpå.

Aud har og liggjande ei fremmed-bok for Torstein og Severine Hermundstad si turistbedrift. Sidene har rubrikko med: Dato for ankomst, For- og efternavn, Fødselsdato og år, Fødested, Stilling eller beskjeftigelse, Hjemsted, Nasjonalitet, Siste opholdssted, Bestemmellessted, Hensikten med oppholdet i Norge, Dagen for avreise. Ikkje alle fylte ut alt, men artig lesning er det. Mange skreiv ferie eller gjennomreise, men ein plass står det «ut å fiske i all slags vær».


Ein som hadde mange døgn på Hermundstadstølen, var Edvard A Backe og familien. Vi finn navnet i gjesteboka bl.a. i 1944. Iblant hadde dei og med tjenestejenter, som budde i eit lite påbygg bak ved kjøkkenet, fortel Aud. Edv. A Backe hadde fleire forretningar i Oslo, i gjesteboka står det Grosserer. Han bygde hytte på ein haug ovanfor Hermundstadstølen. Den har navnet Bakketoppen, og vart muligens påbynt i 1944. Hytta var ferdigstilt med flaggheising omkring 1954/55, fortel Aud. Det er og eit bilde som viser bilen Edvard brukte, med knottgenerator. Lasta med knott på taket og sikkert og på hengaren.





Aud kan fortelja at under krigen kom det tyske soldatar og ville ha husvære. Torstein prøvde å nekte, men då hadde dei berre peika bort på ein kanon dei hadde med. Dermed var saka avgjort.

Tekst: Ivar Hemsing



## ÅRSMELDING ØYE SOKNERÅD

Øye sokneråd har i 2024 bestått av: leder Aud Kvale, nestleder Nils Torstein Hermundstad, kasserer Anders Hermundstad, sekretær Tor Arne Eltun, første vara Gerd Marken. Prest Ingebjørg Vik Laugaland deltek på styremøtene. Aud Kvale og Nils Torstein Hermundstad er medlem i fellesrådet.

Det har vore fire styremøter i Øye sokn og to møter felles med alle fire sokna. Det var fem møter i fellesrådet som Øye var med på.

6. februar vart Samefolkets dag feira på Øye samfunnshus, det var no 20 års jubileum. Kvelden starta med gudstjeneste i Øye kyrkje, der var det prest Ingebjørg og den sørsamiske presten Einar Bondevik som leda gudstjenesten.

Etterpå var det servering på Øye samfunnshus. Høre mannskor deltok med sang. Kvelden vart leda av leder i soknerådet Aud Kvale.

Søndag 10. mars var det årsmøte i Øye Sokneråd i Kulturstøga.

Den 8. mai var det dugnad rundt kyrkjene, bra oppmøte, og kvelden vart avslutta med kaffe og kake i Kulturstøga. NTH maskin tok oppdraget med å fjerne fleire av dei røtne trea ved stakitten ved kyrkja.

Laurdag 1. juni var det konfirmasjons-gudstjeneste i Øye. Soknerådet delte ut salmebøker til konfirmentene.

Jonsokaften var det gudstjeneste i Øye

stavkyrkje. Der deltok Høre mannskor, messa vart leda av prest Ingebjørg. Det var og dåp i stavkyrkja den kvelden.

Gudrun Niemeyer, som har vore guide i stavkyrkja i flere år, var og på plass i sumar. Det er flott ho tek på seg denna jobben.

Det er og fleire messer og aktivitet rundt St. Tomaskyrkja på Kyrkjestølen. Både vår eigen prest og prester frå Sogn har gudstjeneste der. Det har og vore guiding i kyrkja nokre helger, og det var konsert der Olsok med ein som heiter Knut Arild Melbøe.

Arne Eltun  
sekretær i Øye sokneråd

## Høre sokneråd informerer

Tradisjon tru inviterte Høre sokneråd til juletefest for alle laurdag 4. januar. Tilsaman 70 sambygdingar i størrelse bittesmå til godt vaksne var ilag tre timar på samfunnshuset. Det var song, kviss, pølser i lompe, kake, og vi avslutta med gang rundt juletreet og trur du ikkje at nissen kom i år også?! Dei to bingokveldane i 2024 ga inntekt slik at vi kunne lage gratis juletefest for alle denne gongen. Tusen takk til dei som var med og fylte kakebordet!

Fredag 7. mars markerte vi Kvinnenes internasjonale bønnedag i Høre stavkyrkje. Der leia Solveig Heimlid, saman med Guro Hovda og Signe Marit Haugen, oss gjennom ei fin stund med bønneveld sett saman av kristne kvinner på Cookøyane i Stillehavet. Du kan lese meir om desse på [norgeskristnerad.no](http://norgeskristnerad.no). Vi var 16 personar i kyrkja på denne økumeniske markeringa. Etterpå var det kyrkjebingo på samfunnshuset, og fleire av dei 40 bingodeltakarane var med i stavkyrkja først. Bingoen vart denne gongen arrangert saman med Lomen sokneråd, og det var ein fin gjeng å ha med seg! Vi takkar for flotte premiar: Gullvask frå YX Ryfoss, fruktkorg frå Kiwi Røn, 2 hovudrettar frå Mjøsvang kafe og 2 treretters middagar frå Filefjellstuene. I tillegg var det blomar, sjokolade og anna godt som premiar, og dei vart bra fordelt i salen. Neste bingo blir i oktober, dato er ikkje sett enno.

**Syndag 6. april** inviterer vi til ein sosial gåtur etter gudsteneista i Høre, dersom ver og føre tillet det.

**Tysdag 13. mai** står vi klare for å pynte opp på kyrkjegarden for våren, håper vi får med oss ein gjeng på det arbeidet. Ta med rive og arbeidshanskar, vi stiller med kaffi og biteti.

Marianne Riste, Høre sokneråd



## ÅRSMELDING HØRE SOKNERÅD

Det vart arrangert juletefest laurdag 4. januar med 35 ungar og 36 vaksne gjester frå heile Vang. Det var risensgrynsgraut med mandel, og mange bidrog med bakst til kakebord. Dei frå kulturskulen som ville spele piano gjorde det, Ingebjørg Laugaland hadde julespel med dei som ville vere med, Ole Kristian Leithe spelte til allsang og til gang rundt juletreet. Og jammen kom nissen til slutt også, til alles store glede. Årsmøte vart arrangert 4. april med 8 frammøtte.

Bingo fredag 1. mars etter kvinnenes økumeniske bønnedag. 50 personar i alderen 18 til over 80 år var samla for ein hyggeleg kveld med mange premiar og kiosk med snacks og ymse drikkevarer. Dette vart ein suksess som dei frammøtte ønskte vi skulle gjere oppatt. Soknerådet var litt spente på eventuelle reaksjonar på at vi hadde skjenkeløyve,

men det var minimalt med negative tilbakemeldingar og bingoen gjekk sømmeleg for seg.

Dugnad 7. mai med godt oppmøte der heile kyrkjegarden og området ved stupulen vart gjort i stand for våren. Knut Rogn Tveit, Odd Leithe og Arve Lokreim sette ned den første benken på minnelund. Markering av at minnelunden er ferdig og kan brukast vart gjort etter gudsteneista sundag 12. mai.

Jon Erling Holtet var omvisar mesteparten av sesongen i Høre sumaren 2024, og enkelte dagar vart dekkja av Margrete Fagerheim. 825 besøkande var innom Høre stavkyrkje i perioden f.o.m. søndag 23. juni – t.o.m. onsdag 14. august. Kyrkja var då open; søndag-onsdag, kl. 11:00-17:00.

18. oktober var det tid før haustbingo,

og med over 50 frammøtte kunne vi no sjå fram til gratis juletefest for både ungar og vaksne i januar 2025. Vi inviterte til ein bingo i midten av november også, men fekk ikkje nok påmeldte til å gjennomføre den kvelden.

Sundag 22. desember song og spelte Høre mannskor og Arnes gallerimusikanter jula inn. Det vart ein fin kveld i ei fullsett kyrkje så tett opptil jula.

Det har vore gjennomført 15 gudstener i 2024. Gjennom året vart 2 døypte, 7 konfirmerte, 2 par vigsla og 5 gravlagde i Høre stavkyrkje.

Vi takkar dei frivillige som har kjørt ut menighetsbladet gjennom året.

Marianne Riste  
leiar Høre sokneråd

ÅRSMELDING VANG SOKNERÅD

Soknerådet har bestått av: Kristin Bakke Lajord (leder og medlem av fellesrådet), Ivar E Thune Hagerup (nestleder og varamedlem til fellesrådet), Merete Bjørge (sekretær), Anine R Kattenvold (kasserer), Tor Erik Berge (medlem av fellesrådet og ansvarlig for utkjøring av menighetsbladet), Leif Solemsli (varamedlem til fellesrådet). Liv Ingeborg Bøland er 1. varamedlem og innkalles på alle møter. Sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland er også medlem av sokneråd og fellesråd.

I løpet av året hadde soknerådet to møter og behandla 21 saker. I tillegg til møtene har soknerådet hatt god dialog på messenger og e-post. Det har også vært to fellesmøter for alle soknerådene i Vang og dette er svært nyttige samlinger for å ta oppfelles saker.

Av kirkelige handlinger har det vært en barnedåp og en fra vårt sokn ble døpt i Øye stavkirke. Fem ble konfirmert, ingen brudevielser og fem begravelser. Det har vært 15 gudstjenester med 711 deltagere på søn- og helligdager og seks gudstjenester med 234 deltagere

utenom søn- og helligdager. Vi hadde planlagt den tradisjonelle stølsmessa ved Helinosen, men pga dårlig vær ble den inne på familiehytta til Rauken.

En søndag i februar serverte soknerådet frokost på Drengestøga før gudstjenesten, en fin start på dagen for oss som var der. Årsmøte i kyrkjelyden ble holdt på Drengestøga 17. mars etter messa. 11 personer var til stede. Som vanlig var det godt besøkt dugnad på kirkegården i begynnelsen av mai. Det er gledelig å se det store engasjementet folk har for å holde det fint på kirkegården.

Årets store prosjekt for soknerådet var tur til Polen for å feire 180-års jubileet for gjenreisninga av stavkyrkja vår. Leif var leder i turkomiteen og la ned en stor innsats. Turen ble svært vellykket med 45 deltagere. Vi hadde ei innholdsrik helg og ble svært godt mottatt av vennskapsmenigheten vår i Karpacz. Mange fra Vangskoret var med på turen og deltok med fine programinnslag.

Allehelgensmessa dette året var i Vang. Det var godt frammøte og ei stemnings-

full gudstjeneste. I god tradisjon var det julegrantenning, servering av grøt og samlingsstund i Drengestøga en ettermiddag tidlig i desember. Dette var et godt besøk og trivelig og vellykka familiearrangement.

Trosopplærerstillinga har vært vakant, men heldigvis har Anne Lajord Belsheim tatt på seg ansvaret for babysang. Slidrepresten har hatt hovedansvar for konfirmantarbeidet. Det ble ikke Lys Våken, men første søndag i advent var det juleverksted på Drengestøga.

I begynnelsen av desember hadde Vinjerock julekonsert med Moddi, og Jul med valdresmål hadde konsert. Soknerådet samarbeidet med Høre mannskor og Fjellblom musikklag om tradisjonell juleinnsynging. Det var godt frammøte og fin førjulsstemning.

Offergaver dette året har vært 27 268 kr; av dette var 8454 kr til menighetens eget arbeid og 18 814 kr til andre formål.

Kristin Bakke Lajord  
leder i Vang sokneråd

**Ledige sommarjobbar** Kyrkja har ledige sommarjobbar og håpar du har lyst på ein av dei:

**Plen- og kantklyppar**

Me treng hjelp til grasklipping og eventuelt kantklipping på kyrkjegardane i Høre, Heensåsen, Vang og Øye i følgjande periode: f.o.m. 1. juni – t.o.m. 31. august.

Me har utstyr som du kan nytte, og arbeidet kan du gjere når på dagen du vil. Behovet varierer noko etter været, men inneber ca. ein gong i veka i vekstsesongen. Du skriv timar du bruker på arbeidet og får betalt etter gjeldande tariff. Førstemann til mølla!

**Gravstellar**

Me treng nokon til å stelle gravene som har gravstell-avtale på kyrkjegarden i Vang og på Heensåsen. Du mottar godtgjersle pr. grav. Arbeidet innebær vatning og lusing gjennom sommarsesongen.

**Send søknad på stillingane til:**

sh466@kirken.no

**Spørsmål?** Kontakt kyrkjevevje Silje Hammerstad på mob. 902 42 171



# Vinter og vår

på biblioteket  
og frivilligsentralen



Scan koda  
for nyheits-  
brev!

Ein hektisk vinter nærmar seg slutten, her kan du lese litt om både ting som har skjedd og komande arrangement. I påskeveka vil frivilligsentralen halde stengt, medan biblioteket held ope måndag, tysdag og onsdag kl. 10-14. BUA har ope tysdag i påskeveka kl. 15-17, og stengt resten av påska.



Abonner på nyheitsbrevet vårt for å få oppdatert info og aktuelle nyheiter rett i innboksen!

## Demensvennleg samfunn

I april 2024 signerte ordføraren ei avtale om at Vang skal vere ei demensvennleg kommune. Dette forpliktar, og i månadsskiftet januar/februar vart det arrangert 3 kurs med gode råd, eksempel og veiledning om kva ein skal sjå etter og korleis ein best kan møte nokon som har demens. Tett på 40 stk deltok, der 15 representerte næringslivet, som var særskilt invitert. Det var gode tilbakemeldingar, mellom anna frå Eva Johansen i Vang i Valdres taxi: «Det er fint for oss å få grunnleggjande innføring i dette med demens, då me har mykje kontakt med denne gruppa.»

## Mannsrolla i dag



Måndag 10. februar kom 30 vangsjeleddingar og hørde Adam Schjølberg prate om korleis det er å vere mann og kor utfordrande det kan vere i dagens samfunn. Det vart ein kveld til ettertanke, og det var fine samtaler ein-til-ein då Adam selde boka si etter foredraget. I to bøker har han skrivne om temaet med ulike vinklingar, bøkene kan du sjølv sagt låne på biblioteket. Han var også med og skreiv NOU 2024:8 om menn og likestilling.

## Teikneserier om 2. verdskrig

John S. Jamtli samla både unge og el-

dre då han kom og fortalde om korleis han har laga bøkene med historier frå 2. verdskrig. Det ligg mykje jobb i å lage ein teikneserie, i alle fall ikkje mindre enn for ein roman! Vi fekk høyre om grundig research på hendingar og detaljar om våpen, klede osv. I dei fem bøkene han har skrivne så langt er både kjente historier, som kampen om tungvatnet, og mindre kjente (for oss søringar i alle fall) om seinkinga av Tirpitz, og historier som skildrar fiktive hendingar. Alle fem kan du låne hjå oss. John tok seg god tid til å signere bøkene som vart seld med både teikning og signatur.

## Litteraturfestival



Også i år var vi med på den tradisjonsrike litteraturfestivalen på VBU i februar. På opningsdagen las Marianne boka «Hvordan er det å være voksen» av Anna Fiske for heile skulen, medan tilsette på skulen spelte ut enkelte av figurane i boka, til stor begeistring hjå elevane. Gjennom tre veker hadde vi 11 klassebesøk, 9 høgtlesingar i skulegården for dei yngre elevane og fire høgtlesingar innomhus for dei eldre elevane. Det var nokre hektiske veker, men jammen er det moro å få vere saman med både elevar og tilsette ved skulen!

## Kviss-jubileum

I mars hadde vi kviss nr. 10 på biblioteket! Då samla vi 28 personar til ei uhøgtideleg spørrekonkurranse med

2x18 spørsmål. Vi held fram med kviss så lenge folk i Vang har lyst og melder seg på. Det blir servert kaffi, te og brus og enkel biteti. Alle kan kome, anten du har eit lag å kome med eller du kjem åleine. Vi har sett at kvissfolka er av det rause slaget, og dei som kjem åleine blir tatt med i lag som har plass til ein ekstra. Det er ein fin måte å bli kjent med sambygdingane sine på, og mest sannsynleg blir laget berika med ekstra kunnskap. Kvissane varer i 2-2,5 timar, alt ettersom kor mykje det blir diskutert med kvissmaster om fasiten. Velkomen på neste kviss torsdag 15. mai – dersom vi har 12 påmeldte på blokka måndagen før.

## Sterk og stødig



Det nye treningstilbodet i samarbeid mellom frisklivssentralen og frivilligsentralen går så det susar, både i Øye og på Åsvang! Fantastisk oppmøte på begge gruppene, og dei frivillige instruktørane får gode tilbakemeldingar. «Eg kjenne at det hjølp både for hofter og knær», seier Ingunn Svien som har vore med i Øye i heile vinter, og påpeikar at det å møte dei andre og trene ilag er like viktig for ho.

Gruppe to starta opp på Åsvang no i februar 2025. Her har også fleire karar møtt opp, og det håpar vi gir inspirasjon for endå fleir til å møte opp også i Øye!

### Møteplassen



13. februar var 30 stk samla på Mjøsvang, der Ivar og Ola frå Valdreskvelven underheldt med både musikk og forteljingar. Og jammen slo nokre seg laus på dansegolvet også! Møteplassen blir også nytta til å gje informasjon. Denne gongen hadde mellom anna Eldrerådet ved Berit Nefstad informasjon om regjeringa sitt forslag til framtidens postombringing, dette engasjerte. Neste Møteplassen blir 8. mai.

### Digi-kafe

Våre tre digi-hjelparar har dette halvåret vore på reis – dei starta på strikkekaféen på Haukåsen 18. februar, kjem innom biblioteket den 10. april, og avsluttar 19. mai på Saras kafe.

Det å reise til godt innarbeidde møteplassar var ingen dum ide, vi ser at dei som er på aktiviteten spør om hjelp, og det kjem også fleire eins ærend for å få digi-hjelp. Hugs at du også kan kome innom biblioteket for hjelp i opningstida.

### Kommunikasjonsarbeid: Skjermar og Foreningsportal



Det skapast enormt mykje aktivitet av frivillige lag og andre i Vang. Aktivitetskalenderen som viser fram alle fritidsaktivitetane finn du no på [vang.foeningsportal.no](http://vang.foeningsportal.no). Vi har også lansert infoskjermar på alle tre nærbutikkar samt legekantoret, kommunehuset og biblioteket. Her får du rykande fersk info frå nettopp foreningsportalen, og viktige saker frå kommunen.

### Arrangement etter påske:

#### Kristina Quintano



Tysdag 22. april kl. 19 tek Kristina Quintano oss med på innsida av vår tids største folkevandring. Denne kvelden gjev ho oss eit unikt portrett av smuglarane som politikarane vil til livs og dei mange millionar menneske som er på leit etter ei trygg havn. Temaet er, og har lenge vore, høgaktuelt. Kvar dag blir menneske smugla over farlege landegrenser, i håp om eit betre liv dit dei kjem. Kristina trekk parallellar mellom menneskesmuglarar i dag og fortidas grenselosar, med fokus på det som skjer i og rundt Middelhavet.

Dei tre bøkene ho har skrivne, Budbringeren fra Helvete, Smugler eller grenselos og Flukt, kan du låne på biblioteket. Vi har fleire eksemplar av alle.

Dagen etter skal ho til VBU og prate med ungdomstrinnet om boka Flukt. Arrangementa er del av Vang si markering av utvandrarjubileet; det er i år 200 år sidan den første organiserte utvandringa frå Noreg til Amerika.

#### Lesesirkel torsdag 24. april

Marianne Isachsen held fram med lesesirkel på biblioteket. Rett over påske blir samtala om Naomi Klein si bok Dobbeltgjenger. Dette er ein uformell samtale om kva deltakarane tenker om boka, og det er plass til alle tolkingar. Bli gjerne med, eller spør oss om du er usikker på kva lesesirkel er og om det er noko for deg!

#### Klesbyttedagen

Laurdag 26. april kl. 10–14 blir det klesbyting på biblioteket! Frå starten av påska t.o.m. 25. april tek vi imot pene og reine klesplagg - maks 7 plagg pr. person. I bytte får du kupongar som du kan bruke på klesbyttedagen til å handle med. Om du vil donere kupongane dine, så samlar vi dei i ein bolle, og deler ut til dei som ikkje har noko å

bytte bort. Så velkomen også til deg som ikkje har levert klede, det er garantert kupongar til overs som du kan få til å handle med!

#### Livsnyterhagen med Anders Røyneberg

Laurdag 10. mai kl. 12 får vi besøk av eit par entusiastiske hagekarar, då kjem @arcticgardener Anders Røyneberg og Erik Schjerven til oss med hagetips, inspirerende idear til krukker og bedd og praktiske råd til å lukkast med uterommet. Anders og Erik har skrivne fleire bøker om hagebruk. Vi trur alle skal bli inspirert og lære noko nytt, og utover våren/sommaren vil det kanskje dukke opp fleire livsnytarhagar i Vang? Kom og få inspirasjon til uterom som ikkje krev all verdas innsats, der du verkeleg kan senke skuldrene og nyte livet.

#### Utstilling i samband med utvandrarjubileet

28. mai blir det opning av ei utstilling laga av elevar på ungdomskulen i samarbeid med Marianne Isachsen og kulturskulen: «Bagasje». Mange kan bere på bagasje, både fysisk og psykisk. Nokon ber tunge bærer, medan nokon ber mindre bærer. Nokon kan bere på håp og positive tankar, nokon på redsel, skam og sorg.

Når ein flyktar frå det kjente til det ukjente, kva vel ein då å ta med seg? Kva kan ein ta med seg? Kva betyr noko? Dette er ikkje kun ei fysisk reise, men og ei reise i endring og i identitet.

#### Nærturar

Vi planlegg nye nærturar til våren - på lista har vi nærtur til Rødalen når vegen opnar, og frisbee-golf i disk-golfbanen i Ryfoss med ungdommen i Vang. Har du ein nærtur du har lyst til å dele med oss, ta kontakt!

#### Din framtid, din helse og tenesteutvikling i helse og omsorg

28. april skal helse- og omsorgsetaten presentere sine siste utviklingar for å yte trygge tenester til dei som har behov for helse og omsorg. I tillegg skal vi ha fokus på tiltak som kan bidra til å bu trygt heime. Programmet blir lansert seinare – følg med på [vang.kommune.no](http://vang.kommune.no) og på infoskjermene!

Helsing Marte og Marianne

## Tilbod om planting på kyrkjegardane

Me har mange graver på kyrkjegardane våre som har stelleavtale – nokre varer i 20 år (legatavtale), og nokre betalar for eitt og eitt år (årstellsavtale). Kven som har stelt desse gravene har variert, men frå 2024 vil Lund arbeidsbase plante på samtlege av dei.

Tilbodet ser du til høgre.

Kontakt kyrkjekontoret på e-post [post.vangivaldres@kirken.no](mailto:post.vangivaldres@kirken.no) eller tlf. 902 42 171 dersom du vil opprette avtale.

### Bestillingsfristar:

Vårplanting innan 15. april

Sommerplanting innan 1. mai

Silje Hammerstad



**A** Dersom du ynskjer planting via Lund, men ynskjer å stelle sjølv gjennom sumaren:

1. Vårplanting kr 450,- inkluderer stemor i fargesprakande farger, leige av blomsterurne og langtidsgjødsel. Blomane vert sett ut rett før 17. mai og teke inn att ved sumarplanting.
2. Sumarplanting kr 610,- inkl. blomster (2 raude betulia og 3 sølvkrans), ny jord og langtidsgjødsel. Det forutset at det er sett ned plantekasse (ekstra kostnad på ca kr 1200,-). Blomane vert planta ut mellom 6. og 12. juni.
3. Lund har ansvar for at blomane står fint i 2 veker etter utplanting.

**B** Dersom du vil at nokon skal stelle grava gjennom sumaren, kostar det:

1. Berre vårplanting kr. 600,- inkl. blomar og stell
2. Berre sumarplanting kr. 1200,- inkl. blomar og stell
3. Vårplanting og sumarplanting kr. 1600,- inkl. blomar og stell

## Hilsen fra Mottaket

Da er vi godt inne i vårt tredje driftsår etter restarten i 2022. Mottaket har fortsatt et klart flertall med ukrainere, men vi ser at denne andelen går sakte, men sikkert ned. Når det gjeld syrere, har norske myndigheter valgt å legge søknaden deres på is. Det vil si at ingen fra Syria vil få behandlet sakene


sine, i tillegg blir ikke arbeidstillatelse gitt til syrere fornyet. Dette vil gi oss noen utfordringer fremover.

Vi har hatt stor aktivitet med beboerne. Turer i nærmiljøet, fjellturer, aktiviteter

ved Vangsmjøsi og biblioteket er viktige aktiviteter for våre beboere. Kommunen er veldig flinke til å tilrettelegg for samhandling med mottaket og jeg håper vi kan fortsette dette gode samarbeidet i årene som kommer.

Jeg vil på vegne av alle beboerne og alle ansatte ved Vang N2 Mottakssenter få ønske alle i Vang en riktig god vår og sommer.

Henrik Rønningen  
Mottaksleder



Nytilsette frå januar 2025

**Camilla Hasle**  
Sjukepleiar Vang legekantor

**Gudbrand S. Heiene**  
Kulturskulerektor vikariat

**Rune K. Rynning**  
Lærar Vang barne- og u.skule

**Martin H. Eilerås**  
Pedagogisk leiar Høre barnehage

**Jorun Petersen**  
Heimehjelp VHT

**Juliane Næss**  
Fysioterapeut



## Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	NTH	90 05 98 50
Alle gode ting er tre	48 09 59 48	Pelssau	99 71 43 18
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	TK-Bygg AS	99 00 94 84
Elektromontasje	48 26 73 64	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Ei-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
Føsse Frisørstudio	94 89 12 05	Tyinlam	99 46 61 15
Grindaheim Bygg &		Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Heen Tre	90 93 29 57	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Jotun Bygg	99 69 06 30	Vang Rør	99 52 22 22
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Montér Kvismo	61 36 81 85		

## Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger 'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing  
Vang og Øye Sokneråd

## Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpst hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing  
Heensåsen og Høre sokneråd

## Dugnad på kyrkjegardane:

Øye: Fredag 2. mai, kl 18.00

(grunna dåp i begge kyrkjene, søndag 4.mai)

Vang: Mandag 12. mai, kl. 18.00

Høre: Tysdag 13. mai, kl 18.00

Heensåsen: Tysdag 13. mai, kl 18.00

Ta med deg rive eller anna høveleg reiskap, så stiller soknerådet med bevertning.

Vel møtt!



*Slekters gang*

### Øye sokn:

#### Døpt:

9.3: Torun Eltun Kristiansen  
9.3: Nova Mathea Nilsen Kallhovd  
9.3: Mette Johanne Nilsen Sørli

### Heensåsen sokn:

#### Døpt:

2.3: Odin Almenning Bøe

#### Død:

11.1: Guri Rogn

### Vang sokn:

#### Døpt:

25.12: Emil Dokkehaugen Kvam

#### Død:

11.1: Guro Grøv

## MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgevar:  
Sokneråda i Vang

Redaksjon:  
Silje Hammerstad, Ivar Hemsing,  
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:  
Sidsel Offergaard Jevne  
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:  
Kyrkjeleg fellesråd  
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 200,- og oppover  
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

**FRIST**  
FOR INNSENDING AV  
STOFF TIL NESTE UTGAVE  
**23. MAI**

# Gudstenesteliste

**Søndag 13. april – Palmesøndag**  
**Haukåsen kl. 13:00**  
 Gudsteneste m/nattverd v/spr. Laugaland  
 og organist Peters

**Torsdag 17. april – Skjærtorsdag**  
**St. Tomaskyrkja kl. 12.00**  
 Gudsteneste m/nattverd og dåp  
 v/ prestevikar Terje Eklund

**Torsdag 17. april – Skjærtorsdag**  
**Høre stavkyrkje kl. 19.00**  
 Gudsteneste m/fotvask og nattverd  
 v/spr. Laugaland og organist Peters

**Fredag 18. april – Langfredag**  
**Børrelia kl. 12.00**  
 Gudsteneste v/spr. Laugaland. Lesing av  
 pasjonsforteljinga saman med Aud Kvale

**Søndag 20. april – Påskedag**  
**Vang kyrkje kl. 11.00**  
 Høgtidsgudsteneste m/ nattverd  
 v/spr. Laugaland og organist Peters

**Søndag 20. april – Påskedag**  
**St. Tomaskyrkja kl. 12.00**  
 Gudsteneste m/nattverd  
 v/ prestevikar Terje Eklund

**Søndag 20. april – Påskedag**  
**Vangsheimen kl. 13.00**  
 Institusjonsgudsteneste m/nattverd  
 v/spr. Laugaland og organist Peters

**Søndag 4. mai - 3. s i påsketida**  
**Øye kyrkje - kl. 11:00**  
 Dåps gudsteneste  
 v/spr. Laugaland og organist Peters

**Søndag 4. mai - 3. s i påsketida**  
**kl. 11-13: Dåpsfestival i Øye**  
*Høve til drop-in dåp i eller mellom*  
*messene i Øye kyrkje og Øye Stavkyrkje*

**Søndag 4. mai - 3. s i påsketida**  
**Øye Stavkyrkje kl. 13:30**  
 Dåps gudsteneste  
 v/spr. Laugaland og organist Peters

**Onsdag 7. mai - Morgonsong**  
**Vang kyrkje kl. 10:30**  
 v/spr Laugaland og organist Peters

**Søndag 11. mai - 4. s i påsketida**  
**Øye kyrkje kl. 18:00**  
 Gudsteneste v/spr Laugaland

**Onsdag 17. mai**  
**Vang kyrkje kl. 10.30**  
 Festgudsteneste v/spr. Laugaland  
 og organist Peters med fleire

**Torsdag 29. mai - Kr. Himmelfartsdag**  
**Heensåsen kyrkje kl. 11.00**  
 Gudsteneste med oppsummering av  
 konfirmantåret. Felles for alle sokn.  
 v/spr Laugaland og konfirmantane

**Laurdag 7. juni**  
**Øye kyrkje kl. 11.00**  
 Konfirmasjonsgudsteneste  
 v/spr. Sukka og organist Peters

**Søndag 8. juni – Pinsedag**  
**Vang kyrkje kl. 11.00**  
 Konfirmasjonsgudsteneste  
 v/spr. Sukka og organist Peters

**Laurdag 14. juni**  
**Heensåsen kyrkje kl. 11.00**  
 Konfirmasjonsgudsteneste  
 v/spr. Sukka og organist Peters

**Søndag 15. juni - Treeiningssøndag**  
**Høre Stavkyrkje kl. 11.00**  
 Konfirmasjonsgudsteneste  
 v/spr. Sukka og organist Peters

**Torsdag 19. juni**  
**Vangsheimen kl. 13:00**  
 Andakt v/ spr Laugaland og organist

**Fredag 23. juni – Jonsokaftan**  
**Øye stavkyrkje kl. 18.00**  
 Gudsteneste v/spr. Laugaland og Høre  
 Mannskor

**Søndag 29. juni - 3.s. i treeiningstida**  
**Heensåsen kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste m/nattverd  
 v/spr Laugaland og organist Peters.  
 Kyrkjekaffi

*Med atterhald om moglege endringar*



- har sponset utgivelsen av denne utgaven av  
 VANG MENIGHETSBLAD